

## Arbeidsdokument revisjon SNP – styringsgruppa 31. januar 2017.

**Styringsgruppa har i arbeidet med å revidere gjeldane strategiske næringsplan gjort følgande:**

1. Formulert hovedmål (styringsgruppa).
2. Gjennomføret SWOT-analyse (styringsgruppa).
3. Gjort ei kategorisering (utarbeidd fokusområde) av resultata frå SWOT-analysen (adm.).
4. Gjennomført møte med referansegruppa (adm. og lokalt næringsliv).
5. Tilpassa fokusområda i tråd med referansegruppa sine innspel (adm).

**Til møtet i styringsgruppa i januar 2017 er forslaget å:**

1. Gjere ei vurdering av fokusområda; er desse i tråd med slik styringsgruppa vurderer?  
Jfr. boks nr 2 i modellen under og oversikt fokusområde på s. 2.
2. Setje mål for dei ulike fokusområda. Èit mål for kvart fokusområde.  
Jfr. boks nr. 3 i modellen under, samt forslag til kvart fokusområde frå. s. 2 og utover.
3. Utarbeide strategiar for dei ulike måla.  
Jfr. boks nr. 4 i modellen under.

### Kort oppsummert:

Me jobbar etter følgande modell:



**Møte i styringsgruppa 17.11.16:**

- *fastsatt overordna målsetjing: «Det skal vere attraktivt å drive næringsverksemد i Modalen»*
- *gjennomført SWOT-analyse (næring og samfunn)*

*På grunnlag av analysen vart det utarbeidd utkast til 11 fokuskategoriar. Desse vart presentert for referansegruppa.*

**Møte i referansegruppa 19.12.16:**

- *drøfting omkring fokuskategoriar.*

På grunnlag av dei innspela som kom frå referansegruppa og SWOT-analysen vert det til møtet styringsgruppa 31. januar forelagt 5 fokusområde me trekk med oss vidare. Tykkjer det er viktig å kommentere at det er aktuelt å endre undervegs dersom nokon i styringsgruppa ser at det er naudsynt.

I fortsetjinga er aktuelle fokusområde presentert med tilhøyrande forslag til mål for området.

Har også orientert kort om aktuelt innhold som kan nyttast som grunnlagstenking i forhold til å utarbeide strategiar (boks nr. 4 i modellen over).

## Foreslårte fokusområde

### 1. Fokusområde: Gründer, etablering, entrepenørskap og innovasjon.

**Mål:** Næringslivet i Modalen skal vere nytenkjande og utviklingsorientert.

Me ynskjer å prioritere merksemd både innanfor nyetablering av verksemder, og nye næringar. I tillegg vil me oppfordre til at etablerte verksemder utviklar og innoverer slik at dei kan halde fram / vekse vidare. Me trur at sidan det er lite mangfald i næringslivet i Modalen – i tillegg til at det er få innbyggjarar, så treng me eit fokus på morgondagen.

Fokusområdet eksluderer ingen næringar, men trekk fram dei som evnar å fornye/utvikle seg. I tillegg femner området om alle som har ein tanke om å starte opp til dei som er godt etablerte. Det er aktuelt å komme nærare inn på ulike innsatspunkt i arbeidet med å støtte ei slik satsing under strategiar og tiltak.

Mål (kva)	Strategi (korleis)
Næringslivet i Modalen skal vere nytenkjande og utviklingsorientert.	Styrke kommunen sitt fokus som rettleiar og tilretteleggar inn mot etablering og utvikling.
	Prioritere verksemder som er i etablerings-/utviklingsfase.
	Auke innovasjonskompetansen i kommunen.

### 2. Fokusområde: Reiseliv/oppleveling

**Mål:** Modalen skal utvikle ekststerande og nye reiselivsprodukt.

Modalen har eit stort potensial for reiseliv/turisme i samanheng med naturforholda (sjø og land). Særleg gjeld dette turstiar, Stølsheimen og fjorden. Ulike aktørar er i gang med å utvikle desse næringane. Ved å fokusere på området ser me føre oss at det kan utløyse fleire idéar, fleire samarbeidsløysingar og eit meir stabilt grunnlag for satsing som gjerne inkluderer fleire aktørar. Dette fokusområdet trekk med seg dei vurderingane som vart gjort i førre SNP (1998) kor reiseliv var prioritert. Me tenkjer oss at dette er ei særslig aktuell næring som kan utviklast i åra framover – med ulike løysingar.

Mål (kva)	Strategi (korleis)
Modalen skal utvikle ekststerande og nye reiselivsprodukt.	Framheve reiseliv/oppleveling som prioriterte næringar.
	Modalen kommune vil styrke og støtte næringa gjennom aktiv deltaking/samarbeid for å auke konkurranseskrafta deira.
	Kommunen vil i samarbeid med næringa styrke Modalen som destinasjon og merkevare.


### 3. Fokusområde: Kompetanse og samarbeid

**Mål:** Modalen skal etablere samarbeidsfora som også skal sikre kompetanseutvikling.

Innanfor dette området skal me kunne trekke fram aktuell kompetanse i Modalen. Dette knyt seg m.a. til IKT, sandindustri, vasskraft m.m. I tillegg vil me fokusere på kva type kompetanse me kan bygge framover, korleis me kan samarbeide innad Modalen – og med aktørar utanfor Modalen. Det er aktuelt å sjå på korleis me evt. kan bygge kompetansemiljø, knyte saman ressursar og kanskje utvikle eit/fleire fagmiljø som kan syte for arbeidsplassar i framtida. Området peiker på moglegheiter knytt til kombinert kommune-/næringshus. Me treng å vere aktive i retning regionale planar og miljø. Det er høgst aktuelt å sjå ungdom i samanheng med kompetanse; korleis få ungdom til å satse på Modalen? Korleis stimulere til at dei unge utdanner seg og kjem tilbake for å styrke kommunen?

Kommunen kan gjerne styrke seg på tilrettelegging for lokale næringar. T.d sikre møtestadar, møtepunkt kor me samlar aktørar m.a. for erfaringsdeling/kompetansepåfyll/felles innsats.

I tillegg tenker me oss ein aktiv tilnærming til næringslivet som omhandlar næringsareal (bygg, tomt, kontorer...)

Mål (kva)	Strategi (korleis)
Modalen skal etablere samarbeidsfora som også skal sikre kompetanseutvikling.	Legge til rette for felles møtefora mellom næringane og kommunen med kompetansehevande tema.
	Modalen kommune vil saman med næringslivet legge til rette for å utvikle kompetansemiljø.

### 4. Fokusområde: Attåtnæring

**Mål:** Modalen skal auke delen attåtnæringar – samt støtte desse i vekst.

Dette området handlar om alle dei gode småskalaideane som anten skal vere småskala, eller som kan vekse. I eit miljøperspektiv/kortreist/lokalsamfunnsutvikling er slike initiativ vesentlege for framtida. Dette representerer moglege arbeidsplassar – og grunnleggande samfunnsutvikling i Modalen. Fokusområdet knyt seg opp imot regional satsing, t.d. «Smaken av Nordhordland» og Nordhordaland sitt biosfæreresprosjekt. I tillegg vil dei attåtnæringane som ikkje omhandlar mat/drikke også vert prioriterte. Eit overordna perspektiv er «berekräftig utvikling».

Mål (kva)	Strategi (korleis)
Modalen skal auke delen attåtnæringar – samt støtte desse i vekst.	Legge til rette for å samle og støtte attåtnæringar.

	Legge til rette for å nytte verkemiddel (rådgjeving, økonomi m.m.) for aktiv utvikling av attåtnæringer.

## 5. Fokusområde: Omdøme


**Mål:** Modalen skal ha eit sterkt og profilert omdøme.

Det er peika på at Modalen treng å profilere seg for å tiltrekke seg nye innbyggjarar. Modalen er mykje meir enn ein «rik» kommune. Oppvekstvilkår, kultur-/friluftstilbod m.m. kan gjerne nyttast i eit plan for å sikre tilflytting av nye modølingar. I ein slik samanheng må me kunne planlegge m.o.t. til bustadar og arbeidsplassar. Omdømmebygging heng tett saman med samfunnsutviklinga i Modalen – SNP er eit viktig verktøy i dette arbeidet. Skal me t.d. få kompetansearbeidsplassar til Unimicro, er me avhengige av at fleire sider ved Modalen som samfunn er attraktive.

Me kan vurdere å legge til *logistikk/kommunikasjon* som eit område under dette punktet. Dette knyt seg m.a. til tankar omkring ulike typar kommunikasjon for ulike grupper til og frå Modalen.

Mål (kva)	Strategi (korleis)
Modalen skal ha eit sterkt og profilert omdøme.	Vise regionen/landet at i Modalen er det godt å leve og bu.
	Vise at det i Modalen er attraktivt å etablere og drive verksemد.
	Bygge opp under lokal identitet, og profilere dette aktivt utad.

I relasjonsmodellen under ser ein dei 5 fokusområda i ein samanheng og kor **kompetanse og samarbeid** kan vere det samlande fokusområdet.



Foreslårte fokusområde oppsummert frå SWOT-analysen som vart utelatne:

- **Næringsareal (bygg, tomt...)**

Kommentar: Me tenkjer oss at dette punktet vert lagt inn under **kompetanse og samarbeid** som sentral i forhold til å støtte næringsliv. Det er m.a. viktig i forhold til omdøme at Modalen har ryddige og attraktive forhold dersom nye næringsaktørar ynskjer å prøve seg. Det kan t.d. vere aktuelt å samle informasjon knytt til næringsareal og legge ut på kommunen si nettside (samarbeid mellom private og kommunen).

- **Unge**

Kommentar: Det bør vere eit sentralt punkt særleg knytt til **kompetanse og samarbeid**. I tillegg vil arbeidet med å styrke kommunen sitt omdøme i stor grad rette seg mot unge som skal busetje seg og ta del i arbeidslivet. Me trur i tillegg at dei er sentrale i forhold til etablering av verksemder.

- **Landbruk**

Kommentar: Landbruk er ikkje trukke særskilt fram sjølv om næringa er ei viktig næring i Modalen. Me trur at det er godt grunnlag for vidare landbruk i dalen. I tillegg trur me at omstilling/utvikling og nye tankar vil komme også frå denne næringa. Landbruket vil også vere ein viktig bidragsyta innanfor fokusområda kompetanse, attåtnæring, reiseliv/oppleveling m.m.

- **Rammer/økonomi/arbeidsmarknad/økonomi**

Kommentar: Dette punktet vil bli tatt opp i dei øvrige fokusområda.

- **IKT**

Kommmentar: Dette punktet finn me innanfor kompetanse, utvikling m.m. Me tenkjer oss at IKT-miljøet i Modalen er eit sterkt miljø som er særskilt aktuelt å kunne bygge vidare på.

- **Næringsliv generelt**

Kommentar: punktet vert ikkje tilstrekkeleg som fokuspunkt, men har bidratt til at andre punkt har kome tydelegare fram.